

Prosjektplan for Kommunedelplan for skule 2014-2018

Dokumentansvarleg: Kristin Moe
 Forfattar: Kristin Moe
 Dato oppretta: 05.12.2014
 Dato sist endra: 05.01.2015
 Arkivreferanse: 14/6105
 Filnamn: Prosjektplan for kommunedelplan skule 2014-2018
 Versjon: 2.00

Godkjent av	Namn:	Signatur
Prosjekteigar:	✓ Ørjan Raknes Forthun	

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.10	05.12.14	Dokument etablert	Kristin Moe
0.20	05.01.15	Framdriftsplan justert	Kristin Moe

Distribusjon for kvalitetssikring

Versjon	Dato	Distribuert til	Sendt av
0.10		Fornamn Etternamn	Fornamn Etternamn

Endringsoversyn: viser kven som har endra dokumentet, kva som er bakgrunnen for endringa.

Distribusjon for kvalitetssikring: angir kven som har motteke og kvalitetssikra versjonar av dokumentet.

Forkortingar

Forkorting	Fullt namn
ØRF	Ørjan Raknes Forthun
KM	Kristin Moe
AW	Anne Wergeland

Styrande dokument

Dokumenttittel
Kommunedelplan for skule 2014-2018 – Planprogram vedteke i kommunestyret nov.-14

Andre sentrale dokument

Dokumenttittel
Kommunedelplan for grunnskulen i Lindås, vedteke i kommunestyret 10.06.10
Rullering av kommunedelplan for grunnskulen, vedteke i kommunestyret 21.03.14

Vedlegg

Nummer	Versjon/Dato	Namn

Forkortingar: gir oversyn over vanleg brukte forkortingar i dokumentet.

Styrande dokument: viser kva aktuelle dokument som har vore styrande ved utforming av dokumentet. Dette oversynet viser også kva dokument som er overordna dette dokumentet.

Andre sentrale dokument: gir oversyn over dokument med ein viss relevans for utforming av dette dokumentet.

Vedlegg: gir oversyn over kva vedlegg som følgjer dette dokumentet.

Innhold

1	Bakgrunn og behov.....	1
2	Mål for prosjektet	3
2.1	Hovudmål	3
2.2	Delmål	3
2.3	Effekt- og gevinstmål	3
2.4	Målgruppe	3
2.5	Kritiske suksessfaktorar og suksesskriteria	3
2.6	Avgrensingar	3
2.7	Kvalitetssikring.....	3
2.8	Sluttkriterium for prosjektet	3
3	Prosjektet si framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna	4
3.1	Prosjektperiode.....	4
3.2	Framdriftsplan, heile prosjektperioden – overordna	4
3.3	Hovudmilepælsplan.....	4
3.4	Leveranseplan	5
4	Organisering, ansvar og bemanning.....	6
4.1	Organisering.....	6
4.2	Rapportering og kommunikasjon.....	7
4.3	Bemanningsplan	7
4.4	Medverknad.....	7
4.5	Plan for overføring til organisasjonen	7
5	Prioritering og finansiering.....	8
5.1	Finansiering	8
5.2	Prioritering.....	8
6	Risikoanalyse.....	9
7	Konsekvensar av å gjennomføre planprosessen.....	10

1 Bakgrunn og behov

Prosjektnamn	Kommunedelplan for skule 2014-2018 - Planprogram
Prosjekteigar	Ørjan Raknes Forthun
Prosjektansvarleg	Kristin Moe
Prosjektleiar	Anne Wergeland
Prosjektet sin startdato og sluttdato	Start 02.09.14. Slutt 21.05.15. ev. nytt prosjekt ved politisk vedtak om endra skulestruktur
Prosjektet si totale budsjettramme	
Hovudmål	Planen skal ha eit langsiktig perspektiv og medverke til å sikre <ul style="list-style-type: none"> - Ein berekraftig kommuneøkonomi - Eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen - Ein stabil skulestruktur over tid

Bakgrunn for dette planarbeidet er tre politiske vedtak, eit i kommunestyret 21.mars 2013 om rulling av kommunedelplan skule, eit frå formannskapet 9.januar 2014 om endeleg mandat og prosess for omstillingsprogrammet og det siste i frå vedtak om planprogram 27.november 2014. Dei tre vedtaka ligg til grunn for vidare arbeid med kommunedelplan for skule i Lindås.

KO 23/13 Kommunedelplan skule – rulling 2012-2013

1. Mål for opplæringa og kvalitative skildringar ved opplæringa, jf. Kommunedelplan skule 2010-2020 s 3-49 vert vedteke i samband med denne rullinga.
2. Arbeidet med rehabilitering av Alversund skule skal prioriterast.
3. Planlegging og bygging av ny barneskule i Knarvik må startast opp snarast. Jf. kommunestyrevedtak 112/10.
4. Feste skule vert lagt ned og elevane vert overført til Seim skule frå og med skuleåret 2013/2014. Rådmannen vil arbeide vidare med skuleskyss til dei elevane som får lang skuleveg. Noverande kringgrenser vert overført til Seim skule. (Rådmannen sitt framlegg).
5. Eikanger og Kløvheim skular vert vidareført inntil vidare.
 - a. På Eikanger skule vil ny leigd paviljong stå klar frå hausten 2013. Det må vurderast om leigeavtalen skal utvidast eller om paviljongen skal kjøpast.
 - b. Administrasjonen greier ut ny felles skule for Eikanger og Kløvheim.
 - c. Noverande opptaksområde/kringsgrenser vert uendra inntil ny skule står klar.
6. Skodvin skule vert lagt ned. Alle elevane vert overført til Lindås barneskule når arbeid med byggetrinn 3 er ferdigstilt. Noverande kringgrenser vert overført til Lindås barneskule skuleåret 2014/2015.
7. Kringgrensene for ungdomstrinnet vert endra frå august 2013 ved at elevane frå Leiknes skule vert overført frå Knarvik ungdomsskulekrins til Ostereidet ungdomsskulekrins. Dette vert gjennomført som ei trinnvis overføring av elevane på 8. trinn fråskuleåret 2013-14.
 - a. Knarvik ungdomsskule har frå og med skuleåret 2013-14 som opptaksområde Alversund, Festo, Knarvik og Seim barneskulekrinsar. Ostereidet ungdomsskule har frå same skuleår som opptaksområde Ostereidet, Leiknes, Eikanger og Kløvheim barneskulekrinsar.
8. Byggetrinn 3 ved Lindås barneskule vert å starte opp snarast, slik at utbygginga og rehabiliteringa vert fullført seinast hausten 2014.
9. Konsekvensar av eventuelle endringar i skulestruktur må synleggjerast i revidert budsjett våren 2013.
10. Kommunestyret er positive til eit mangfald i skulen i kommunen og ynskjer å leggje til rette for og støtte opp om etablering av fleire privatskular i kommunen.

FO 3/14 Endeleg mandat og prosess for omstillingsprogrammet vedtatt i kommunestyre 19.12.2013

Kommunen skal i økonomiperioden 2014-2017 gjennomføre eit omstillings- og utviklingsprogram som omfattar heile den kommunale drifta, med sikte på å redusere driftskostnadene til eit langsiktig berekraftig nivå.

Målet for programmet er:

- Å redusere driftskostnadene slik det går fram av økonomiplanen
- Å utvikle kommuneorganisasjonen slik at den står rusta til å møte utfordringane frem mot 2025

Programmet skal vera eit forpliktande fellesprosjekt mellom politikk og administrasjon / tilsette og skal mellom anna sjå på endringar og tiltak innanfor:

- Organisering
- Tenestestruktur
- Tenestenivå
- Vurdering av konkurranseutsetting av tenester

Når det gjeld strukturelle tiltak og eventuell konkurranseutsetting skal aktuelle endringar handsamast gjennom gode prosessar, med utgangspunkt i vedtekne retningslinjer:

Rådmannen får fullmakt til å planleggje, koordinere og gjennomføre programmet, i samsvar med:

- Prosess, organisering og tidsplan som går fram av saksutgreiing, der endeleg program skal liggje føre innan 1.11.2014
- Politiske føringar i planfasen
- Politiske vedtak i samband med handsaming av endeleg av endeleg program og økonomiplan i desember 2014
- Oppdatering av program og økonomiplan påfølgjande år

Lindås kommune skal ha ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering. Om kommunen i framtida skal vere rusta til å møte dei utfordringane som kjem, må viktige val gjerast. I omstillingsprogrammet slik det vart vedteke 9.januar ligg det ei målsetting om å redusere driftskostnadene i kommunen. Dette kan møtast gjennom ein generell reduksjon på tenestenivå eller endringar i organisering og struktur. Lindås har ein desentralisert og kostnadskrevjande skulestruktur. Endringar i skulestrukturen kan føre til at ein slepp dei største nedskjeringane i timetildelinga til styrking, deling, spesialundervisning og særskild språkopplæring. Rådmannen ynskjer ei drøfting av skulestruktur i lys av dette perspektivet.

2 Mål for prosjektet

Overordna mål for grunnskulen i Lindås

- Lindås-skulen skal utdanne kunnskapsrike og skapande samfunnsborgarar med fellesskapsansvar og like moglegheiter til sjølvrealisering

Mål for kommunedelplanen

- Planen skal ha eit langsiktig perspektiv og medverke til å sikre
 - i. Ein berekraftig kommuneøkonomi
 - ii. Eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen
 - iii. Ein stabil skulestruktur over tid

2.1 Hovudmål

Greie ut alternative løysingar av framtidig skulestruktur

2.2 Delmål

Handsame følgjande tema:

1. Folketalsprognose og elevtalsutvikling
2. Synleggjering av investeringsbehov ved strukturendringar
3. Framlegg til alternative løysingar av framtidig struktur
 - i. Ulike løysingar
 - ii. Kostnadsvurdering
 - iii. Konsekvensvurdering

2.3 Effekt- og gevinstmål

Prosjektet skal bidra til å danne grunnlag for politisk handsaming av framtidig skulestruktur i Lindås kommune.

2.4 Målgruppe

Politikarane i Lindås kommune skal kunne bruke resultatet av denne prosessen til politiske prioriteringar.

2.5 Kritiske suksessfaktorar og suksesskriteria

Ein har lukkast med prosjektet om hovudmål og delmål er nådd.

2.6 Avgrensingar

Innhaldet i prosjektet skal vere avgrensa til å gjelde skulestruktur knytt til Lindås- og Ostereidet ungdomsskulekrinsar.

2.7 Kvalitetssikring

Gjennom faste punkt i møta i prosjektgruppa.

2.8 Sluttkriterium for prosjektet

Prosjektet er avslutta når det har vore til politisk handsaming. Ein ev. iverksetjingsfase blir å definere som eit nytt prosjekt.

3 Prosjektet si framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna

3.1 Prosjektperiode

Prosjektet skal vare frå 02.09.14-18.06.15. Deretter kjem ein ev. iverksetjingsfase.

3.2 Framdriftsplan, heile prosjektperioden – overordna

Aktivitet	Haust 2014	Vår 2015
Framlegg til planprogram – rådmannen si innstilling	2.september	
Framlegg til planprogram – politisk handsaming	2./18.september	
Offentleg kunngjering	19.september	
Frist for merknader og innspel til planprogrammet	31.oktober	
Planprogram – rådmannen si innstilling	14.november	
Vedtak av planprogram – politisk handsaming	27.november	
Utforming av framlegg til kommunedelplan	27.november-20.januar	
Framlegg til kommunedelplan – rådmannen si innstilling		17.februar
Politisk vedtak om høyring på planprogrammet - Levekår		3.mars
Høyringsperiode		4.mars-14.april
Justering av framlegg i høve til innspel		14.april-7.mai
Kommunedelplan – rådmannen si innstilling – til Levekår		7.mai
Kommunedelplan – vedtak i Levekår		21.mai
Kommunedelplan – Innstilling til kommunestyret		4.juni
Kommunedelplan – vedtak i kommunestyret		18.juni
Iverksetjing av vedtak		2016

3.3 Hovudmilepælsplan

Tabellen under gir eit oversyn over hovudmilepælar i prosjektet.

Milepæl nr	Milepæl	Dato	Ansvarlig	Kriterier for oppnådd milepæl
HMP1	Vedtak av planprogram	27.11.14	KM	Vedtak i kommunestyret
HMP2	Vedtak av høyring på kommunedelplan	03.02.15	KM	Vedtak i Levekår
HMP3	Vedtak av kommunedelplan	21.05.15	KM	Vedtak i kommunestyret

3.4 Leveranseplan

Tabellen under gir eit oversyn over prosjektet sine hovudleveransar.

ID	Leveransenamn	Skildring	Lev. Dato	Ansvar	Kvalitetssikring	Godkjennast av
HL1	Framlegg til planprogram – rådmannen si innstilling	Overordna prosjektskildring for heile prosjektperioden i jf. planprogram	2.9 2014	AW	Internt i prosjektgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL2	Framlegg til planprogram	Handsama politisk i Levekår og kommunestyret	2./18.9 2014	KM	Internt i prosjektgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL3	Planprogram – rådmannen si innstilling		14.11 2014	AW	Internt i prosjektgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL4	Vedtak av planprogram – politisk handsaming	Handsama politisk i Levekår og kommunestyret	27.11 2014	KM	Internt i styringsgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL5	Utforming av framlegg til kommunedelplan		27.11- 17.02	AW	Internt i prosjektgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL6	Framlegg til kommunedelplan – rådmannen si innstilling	Til Levekår	17.februar 2015	AW	Internt i prosjektgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL7	Politisk vedtak om høyring på planprogrammet	I Levekår	3.mars 2015	KM	Internt i styringsgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL8	Kommunedelplan – rådmannen si innstilling	Til Levekår	7.mai 2015	AW	Internt i prosjektgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL 9	Kommunedelplan – politisk vedtak	I Levekår	21.mai 2015	KM	Internt i styringsgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL 10	Kommunedelplan – Innstilling til kommunestyret	Til kommunestyret	4.juni 2015	AW	Internt i prosjektgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL 11	Kommunedelplan – vedtak	I kommunestyret	18.juni 2015	KM	Internt i styringsgruppa	Prosjekteigar, ØRF
HL 12	Iverksetjing av vedtak	Prosess for iverksetjing i samarbeid med Eigedom og Personal	2016	KM	Internt i styringsgruppa	Prosjekteigar, ØRF

4 Organisering, ansvar og bemanning

4.1 Organisering



4.2 Rapportering og kommunikasjon

Informasjon om framdrift og vedtak skal sendast ut til rektorane så snart endringar er fatta. Prosjektansvarleg og prosjektleiar har ansvar for dette.

Prosjektansvarleg rapporterer til prosjektleigar i forkant av kvar leveranse.

4.3 Bemanningsplan

Namn	Organisasjon	Avtalt deltaking i prosjektet	Rolle
Ørjan Raknes Forthun	Rådmannen	✓	Prosjekteigar
Kristin Moe	Kommunalsjef	✓	Prosjektansvarleg
Anne Wergeland	Skule	✓	Prosjektleiar
Bente Kronhaug	Skule	✓	Prosjektdeltakar
Ragna Midtbø	Skule	✓	Prosjektdeltakar
Jarle Næss	HTV Utd.forb.	✓	Prosjektdeltakar
Rektorar	Skule	✓	Deltakarar i referansegruppe
Tillitsvalde skulane	Skule	✓	Deltakarar i referansegruppe
VO skulane	Skule	✓	Deltakarar i referansegruppe
Elevråd ved skulane	Skule	✓	Deltakarar i referansegruppe
Foreldretval ved skulane	Skule	✓	Deltakarar i referansegruppe
Ungdomsråd	Kultur	✓	Deltakarar i referansegruppe

4.4 Medverknad

Det skal vere stor grad av medverknad frå ulike grupper som har interessa av planarbeidet i planprosessen

- Skulane sine rådsorgan skal få informasjon og ha moglegheit til å kome med innspel undervegs i prosessen
- Innbyggjarane i dei to ungdomsskulekrinsane skal sikrast informasjon og medverknad gjennom folkemøte i dei aktuelle ungdomsskulekrinsane
- Deltakarane i prosjektgruppa må bruke referansegruppa aktivt undervegs

4.5 Plan for overføring til linjeorganisasjon / forvaltning

Resultat etter prosjektet, som ev. medfører endring i skulestruktur, skal takast hand om av ulike fagområde:

- Eigedom – Klårgjere ”mottakarskule” for overføring av elevar, avvikle drift av ev. vedteken nedlagt skule
- Einingsleiar – Førebu og leie prosess for overføring av elevar/tilsette i samarbeid med rektor, avvikle drift av ev. vedteken nedlagt skule i samarbeid med Eigedom
- Personal – Leie prosessen med å tildele arbeidstakarar ny arbeidsplass

Ved vedtak om å ikkje gjere endringar i høve til dagens skulestruktur, går punkta over ut.

5 Prioritering og finansiering

5.1 Finansiering

Iverksetjing av tiltak kan vere med på å finansiere reduksjon i økonomisk ramme i økonomiplanperioden. Manglande iverksetjing av tiltak kan medføre reduksjon i vaksentettleik i skulen.

5.2 Prioritering



6 Risikoanalyse

<Fyll ut tabellen under med dei viktigaste identifiserte risikopunkta.>

For sannsynlighets- og konsekvensvurderingar vert skalaen 1-9 nytta, der 1-3 tilsvarar liten, 4-6 tilsvarar medium og 7-9 er høgst sannsynlighet hhv. risiko.

ID	Risikopunkt	Konsekvensskildring	S	K
1	Oppleving av manglande medverknad	Informasjon frå tilsette om manglande medverknad i prosessen, kan gjere det vanskeleg for politikarane å fatte vedtak. Dette kan føre til utsetjing av vedtak og prosess.		
2	Leveranse av grunndata blir forseinka	Manglande leveranse kan føre til justering av framdriftsplanen og ev. utsetjing av prosessen.		

<Før inn prosjektet sine risikopunkt i matrisa nedanfor:>

Sannsynlighet

Høg			
Medium			
Liten			
	Liten	Medium	Høg

Konsekvens

7 Konsekvensar av å gjennomføre planprosessen

ID	Konsekvens	Konsekvensskildring
1	Usikkerheit elevar, føresette - prosess	Redsel for å byte skule, miste skulen sin, aksjonar, «svartmaling», polarisering, vanskeleg for dei med anna synspunkt enn fleirtalet (både føresette og elevar, særleg for elevar).
2	Læringsmiljø elevar - prosess	Kan verke inn på psykososialt miljø samt læringa til elevane.
3	Usikkerheit tilsette - prosess	Tilsette kan søkje seg til annan arbeidsplass, sjukemelding, skifte av arbeidsplass.
4	Usikkerheit lokalsamfunnet	Redsel for å miste ein samfunnsinstitusjon som vert opplevd som viktig.